



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

## Høyring - Framlegg til endringar i privatskulelova (ny friskulelov)

Utdanningsforbundet syner til høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet av 17.10.2014 om framlegg til endringar i privatskulelova (ny friskulelov).

Høyringsnotatet inneheld ei rekkje framlegg til konkrete lovendringar, til presiseringar av lovteksten og til opning for forskriftsheimel i lova. Høyringsinstansane vert også oppmoda om å kommentere vurderingar frå departementet utan at desse vurderingane er presenterte som konkrete endringar i lovframlegget.

**Utdanningsforbundet går mot hovudretninga i framlegget som vil opne for fleire private skular.**

**Utdanningsforbundet går mot ei utviding av godkjeningsgrunnlaget til å omfatte vidaregåande opplæring i yrkesfag og profilskular.**

**Utdanningsforbundet støttar einskildframlegg om innskjerping av utbytteforbodet og om reglar for å kunne gje karantene m.m.**

### Generelle kommentarar

Departementet si overordna grunngjeving for «at det er på tide med en gjennomgang av gjeldende lov» er at godkjeningsgrunnlaget har vore under press sidan 2007, at ny lovforståing har opna for at skular kan godkjennast på grunnlag av livssyn og at «flere aktører har vist interesse for» å etablere skular som fell utanfor dagens grunnlag, til dømes realfagsgymnas og private yrkesfagskular.

Ny lovforståing frå lovavdelinga i Justisdepartementet om at skular basert på livssyn kan definerast under religiøst grunnlag, er knapt grunn til ein full gjennomgang av privatskulelova. Departementet seier vidare at fleire aktørar har synt interesse for å kunne etablere skular som ikkje fell inn under dagens lovgrunnlag og at «flere som mener å ha noe å tilføre skolesystemet bør få anledning til dette». Departementet sitt framlegg om mellombels

dispensasjon frå lova for å kunne etablere «nyskapende skoler», til dømes realfagsgymnas og vidaregåande yrkesfagskular, førte berre til at fem skular av denne typen søkte om godkjenning.

Utdanningsforbundet meiner grunngevinga for gjennomgangen kan synest noko konstruert og meir politisk og ideologisk enn som uttrykk for eit reelt behov i sektoren.

✓ *Utdanningsforbundet ser ingen grunn til ei omfattande endring av privatskulelova*

Kunnskapsdepartementet vil endre namnet på lova frå Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskulelova) til Lov om frittstående skolar (friskulelova). Departementet meiner at omgrepet friskule vil «bidra til en ryddigere terminologi» i omtalen av private skular.

Utdanningsforbundet meiner friskule er eit ideologisk lada omgrep utan substansielt innhald. Vi tolkar dette som eit retorisk grep for å konstruere ufarlege omgrep rundt endringar i offentleg sektor. Språkbruken kan elles indikere at nokre (offentlege) skular faktisk er ufrie.

Det er vidare vanskeleg å følgje departementet sin logikk når private skular utan rett til statsstøtte godkjent etter opplæringslova § 2-12 framleis skal kallast private skular. Desse skulane kan drive verksemda si innanfor langt friare rammer enn private skular med rett til statsstøtte. Det er inga avgrensing i omfanget av skulepengar, skulane kan drive kommersielt og skulane kan ta utbytte. Det hadde difor vore meir naturleg å omtale desse skulane som friskular/frittstående skular.

✓ *Utdanningsforbundet går mot departementet sitt framlegg om å erstatte privatskulelova med ei friskulelov*

Utdanningsforbundet meiner at universelle velferdstenester bør drivast av det offentlege. Dette er den beste garantien for at samfunnet sine fellesverdier vert nytta som føreset. Skulen, særleg grunnskulen, er den viktigaste fellesarenaen der barn og unge, og i forlenginga føresette, kan møtast på tvers av sosialgruppe, funksjonsevne, tru, livssyn, etnisitet og familiesamansetnad. I eit fleirkulturelt, globalisert samfunn er det avgjerande at denne fellesskapsarenaen vert nytta til å knyte band på tvers av skiljelinjer og til å utvikle gjensidig forståing og respekt for ulikskap. Skular med breie faglege og kulturelle elevfellesskap fremjar læring og styrkar best elevane sin identitet og utviklar best evnene deira til dialog, respekt og toleranse.

I følgje departementet vil ei friskulelov medverke til valfridom, mangfald, skuleutvikling og meir læring gjennom reelle alternativ i form av anna pedagogisk tilbod og anna organisering. Utdanningsforbundet er usamd i denne vurderinga og departementet sin bruk av desse honnørorda. Vi meiner konsekvensane kan bli heilt annleis enn departementet sine proklamasjonar. Den valfridomen og det mangfaldet som departementet syner til har ein openbar geografisk effekt der private skular kan innebere fleire val for nokre elevar i sentrale strøk, men samstundes fråvær av val i utkantstrøk. Denne geografiske og til dels sosiale skilnaden vert forsterka med departementet sitt framlegg. Framlegget vil kunne forsterke den segregeringa og den sosiale reproduksjonen, samstundes som likeverdet og fellesskulen vert

svekka. Det finst ingen heller ingen dokumentasjon for at elevane si læring vert styrka gjennom fleire private skular. Sverige har heilt andre erfaringar.

Vi konstaterer at departementet opnar for private skular med stor fleksibilitet og fagleg og pedagogisk fridom samstundes som den offentlege skulen opplever eit strammare måle- og testregime. Visjonane om eit utvida pedagogisk skjønn som departementet synest å ha for dei private skulane, kunne med fordel ha vore utvikla i den offentlege skulen.

✓ *Utdanningsforbundet går mot ei endring av privatskulelova som vil opne for langt fleire private skular*

### **Grunnlag for godkjenning**

Departementet gjer framlegg om ny § 2-1 første ledd andre punktum: *Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast.*

Når det gjeld negative konsekvensar, peikar departementet på at innvendingar frå vertskommune/vertsfylkeskommune om skulestruktur eller skulefaglege omsyn, vil vere relevante moment i vurderinga av om ein skule skal godkjennast.

Departementet legg vidare til grunn at oppfyljing av føremålet i lova, § 1-1, og omsynet til integrering er moment det kan leggjast vekt på i søknadshandsaminga.

Framlegget er også tenkt nytta der det kan reisast tvil om skulen vil kunne oppfylle loven sine krav, basert mellom anna på at søkaren har vore involvert i ein skule som tidlegare har mista godkjenninga eller har hatt fleire eller alvorlege brot på lova.

Utdanningsforbundet finn framlegget positivt, men det avgjerande vil likevel vere kva slags skjønn styresmaktene utøver når den overordna målsetjinga er fleire private skular.

✓ *Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring.*

Departementet gjer framlegg om å endre grunnlaget religiøst til livssyn. Dette har sin bakgrunn i ei vurdering frå lovavdelinga i Justisdepartementet. Omgrepet livssyn vil inkludere religiøst grunnlag, men også livssyn, til dømes verdslege livssyn. Departementet presiserer at «ikke ethvert livssyn» vil bli godkjent. Den europeiske menneskerettskonvensjonen vert sitert på at livssynet «må ha en viss styrke, seriøsitet, samanheng og viktighet».

Utdanningsforbundet støttar at livssyn vert vurderingsgrunnlag, men meiner denne lovforståinga kunne ha vore lagt til grunn utan ei lovendring.

✓ *Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring.*

Departementet gjer framlegg om at grunnlaget for godkjenning vert utvida med to grunnlag: vidaregåande opplæring i yrkesfag og profilskular.

### Vidaregåande opplæring i yrkesfag

Departementet meiner vidaregåande yrkesfagskular vil vere gode og viktige supplement til det

offentlege opplæringstilbodet. Det vert peika på manglande rekruttering av kompetent arbeidskraft som kan møte arbeidslivet sitt behov.

Utdanningsforbundet meiner at det er svært uheldig om det no vert ei omfattande privatisering av yrkesopplæringa. Over tid, ikkje minst i samband med *Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen*, har det vore arbeid systematisk for betre kvalitet og relevans i fag- og yrkesopplæringa. Det har vore jobba for betre samarbeid mellom skular og bedrifter, både på nasjonalt og lokalt nivå gjennom tre-partssamarbeidet. Utdanningsforbundet meiner at vi på denne måten er på rett veg. Vi er sterkt uroa over arbeidslivet sitt eigarskap til fag- og yrkesopplæringa dersom ein no starter opp mange private tilbod, også i regi av opplæringskontor/bransjar e.l. Vi fryktar at bedriftene vil oppleve det som mindre forpliktande å ta i mot elevar, lære kandidat og lærlingar. Vi vil også streke under at det faktisk er offentlege middel dei private tilboda skal drivast med. Vi meiner partsamarbeidet om fag- og yrkesopplæringa vil vere trua av ei privatisering av opplæringa.

Utdanningsforbundet vil peike på at det er mange offentlege vidaregåande skular som har svært gode læringsarenaer. Tidleg kontakt med yrkeslivet er viktig, også i den offentlege vidaregåande skulen. Difor har også fleire skular etablert TAF/vekslingsmodellen som metode for å få den praksisnære tilnærminga til faget så tidleg som muleg. Dette krev god kontakt mellom skule og næringsliv/bransje. For å kunne få gode erfaringar med vekslingsmodellen, må bedriftene vere positive til å ta i mot lærlingar, og teikne lærekontrakt tidleg i opplæringa. Vi meiner difor at ei praksisnær utdanning er fullt muleg i den offentlege vidaregåande skulen dersom dei økonomiske rammevilkåra er til stades. Arbeidslivet sine behov er vektlagd tungt i dagens dimensjonering. Utdanningsforbundet fryktar at framlegget vil redusere tilbodet innan yrkesfaga.

Allereie i dag ser vi døme på at lokale bedrifter og bransjar tek over nokre yrkesfag med egne utdanningstilbod innan desse faga. Fylkeskommunar kan i liten grad tilby tilsvarande lokale og utstyr. Dette kan fort føre til at offentlege styresmakter mistar kontroll over innhald og dimensjonering av utdanningstilbodet. Dette kan igjen føre til at utdanninga i for stor grad vert tilpassa dei kortsiktige og konjunkturavhengige behova til den einskilde bedrift eller bransje meir enn eleven sine ønskje og behov, skulen sitt føremål og det breie samfunnsmandatet – og samfunnet sitt samla behov. Den offentlege skulen er etter vår vurdering best kvalifisert til å gjere ei slik heilskapsvurdering.

#### Profilskular

Grunnlaget profilskule ser ut til å kome til erstatning for «nyskapende skoler» som vart lansert i framlegget til mellombels dispensasjon frå lova. Ein profilskule skal representere noko «vesentlig annerledes enn hva som er normal praksis i offentlige skoler og godkjente skoler på andre grunnlag i loven». Ein profilskule skal særleg vere retta inn mot realfag, språk, idrett, kunst og kultur i grunnskule eller vidaregåande opplæring. Departementet medverkar ikkje til å klargjere kva «vesentlig annerledes» og «normal praksis» inneber og kva for konkrete kriterium som skal leggjast til grunn. Praktiseringa av ei slik ordning vil då basere seg på styresmaktene sitt frie skjønn. Det er uheldig.

Utdanningsforbundet støttar ikkje framlegget om å utvide retten til såkalla profilskular. Mange offentlege vidaregåande skular er allereie i stor grad skular med ein klar profil, og det er ingenting i læreplanar eller organisering av den offentlege skulen som tilseier at ikkje dei

offentlege skulane er dei som er best rusta for å vere såkalla profilskular. Forskarliner og realfagsfordjuping har vore tilbod i mange år. Det er dei økonomiske rammene som i dag set avgrensingar for kva kommunar og fylkeskommunar kan tilby av profilering innan fagfordjuping og spesialisering.

✓ *Utdanningsforbundet går mot ei utviding av godkjenningsgrunnlaget til å omfatte vidaregåande opplæring i yrkesfag og profilskular*

### **Krav til verksemda til skulen**

Departementet meiner dagens regelverk er uoversiktleg og treng presisering og klargjering mellom kva som er lovleg tilleggsverksemd og kva som fell utanom lova.

Det følgjer av privatskulelova at skulen skal drive skule, at anna verksemd er forbode med nokre unntak for tilleggsverksemd, at alle skulepengar og offentlege tilskot skal kome elevane til gode og at all form for utbytte er ulovleg.

Framlegget inneber ei vidareføring av hovudprinsippet i lova med ei presisering om at også eigarskap i anna verksemd, ikkje berre drift av slik, er omfatta av forbodet i lova.

Departement gjer også framlegg om ein forskriftsheimel for å regulere tilleggsverksemd nært knytt til skuleverksemda og at skulen må dokumentere at kjøp av varer eller tenester frå eigar eller andre nærstående er gjort på ordinære marknadsvilkår. Framlegget inneber ein forskriftsheimel om innsyn i rekneskapen til private skular, tilgjenge til dokumentasjon utan hinder av teieplikta og at skulane ikkje kan drive i strid med formålet til lova, i tillegg til å oppfylle grunnlaget for godkjenning.

Skulen må vere registrert i Einingsregisteret som eige rettssubjekt, til dømes som aksjeselskap eller som stifting. Departementet gjer framlegg om at skulen må vere registrert i registeret før det vert søkt om godkjenning. Ei registrering vil stadfeste kva for rolle i verksemda ymse personar har, at det er registrert revisor, etablert vedtekter og avsett innskotskapital osv. Framlegget inneber at det vert eksplisitt i lova at kravet om innskotskapital er minimum kr 100.000,- i likviditet som skal liggje føre seinast på same tid som det vert søkt om godkjenning.

Utdanningsforbundet ser det som positivt at avgrensinga i eigarskap i selskap som driv næringsverksemd vert presisert i lovteksten. Erfaringar har likevel synt stor økonomisk kreativitet i sektoren og at kommersielle eigarskap fører til kommersielle skular trass i gjeldande lovtekst.

✓ *Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring*

### **Karantene**

Departementet meiner det er behov for ytterlegare verkemiddel enn dei som er tilgjengelege i dag for å kunne drive effektiv og målretta tilsyn med sektoren. Departementet meiner ein bør ha fleire sanksjonsmidlar ved brot på regelverket. Målsetjinga er å kunne slå ned på lovbrott og sikre at ueigna aktørar ikkje får drive privat skule.

I dag er det ingen heimel for å stenge ute aktørar grunna i regelrot. Departementet meiner det bør vere muleg med mellombels utestenging når til dømes same personkrets søker godkjenning kort tid etter ein skule har mista godkjenning grunna i lovbrøt.

Framlegget inneber at tilsynsmynden kan gje karantene på to år til personar og selskap som har synt manglande vilje og evne til å følgje regelverket. Ein vil då miste retten til å søkje om godkjenning eller driftsendring for allereie godkjente skular for ein periode, og ein vil ikkje kunne ta på seg verv eller stillingar ved skular.

Dei personane som kan omfattast av ei karanteneordning vil vere administrerande direktør, dagleg leiar, styret og ansvarlege personar i eit ansvarleg selskap, samt andre leiande roller i verksemda. Karantenen kan omfatte både formelle og reelle verv i desse stillingane. Dette inneber at også innleigde konsulentar som fungerer som dagleg leiar ved ein skule kan rammast av karantene. Samstundes vil ein kunne gje karantene til det selskapet/organisasjonsnummeret som er tatt i lovbrøt, både når godkjenninga er trekt attande og ikkje

✓ *Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring*

### **Kompetansekrav til undervisningspersonalet**

Det er same krav til kompetanse for undervisningspersonalet i private skular som i offentlege skular. I tillegg kan det med heimel i § 4-2 i lova stillast særskilte kompetansekrav for nokre skuleslag for å sikre at dei er eigna til å gjennomføre opplæringa i samsvar med målet om å vere eit fagleg eller pedagogisk alternativ. Slike krav gjeld i dag for skular godkjent på grunnlag av anerkjent pedagogisk retning. Kravet gjeld ikkje for den einskilde lærar, men er eit krav til verksemda.

Framlegget inneber at dagens ordning vert ført vidare, men at lova får ein forskriftsheimel med høve til å fastsetje krav om tilleggskompetanse for den einskilde lærar og/eller verksemda som heilskap for også andre skular enn dei som er godkjente på grunnlag av anerkjent pedagogisk retning.

Gjeldande rett er at departementet kan godkjenne tilleggskrav for undervisningspersonalet ved skular godkjent på religiøst grunnlag. Departementet gjer framlegg om å oppheve denne ordninga, og syner til at arbeidsmiljølova § 13-3 gir tilstrekkeleg heimel for at slike skular kan tilsetje personar i samsvar med føremålet og skulen sin eigenart.

Utdanningsforbundet er samd i at det vert stilt særlege kompetansekrav ut over dei som følgjer av opplæringslova for undervisningspersonalet i private skular som er etablerte som faglege og pedagogiske alternativ til offentleg skule. Utdanningsforbundet meiner slike krav må stillast til alle som skal gi undervisning, inklusive ymse «instruktørar», og ikkje berre til skulen som verksemd.

✓ *Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring*

### **Inntak av elevar**

Det følgjer av dagens privatskulelov at skular skal ha heile landet som inntaksområde og vere opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skular. Ungdom med rett til

vidaregåande opplæring skal prioriterast framfor vaksne søkjarar med rett til vidaregåande opplæring. Ut over dette er det ikkje føringar for prioritering av søkjarar i privatskulelova. Private skular skal ha eit inntaksreglement som syner prioritering av søkjarane når det er fleire søkjarar enn skulen har plassar til.

Framlegget til tillegg i § 3-1 første ledd inneber at det vil vere muleg å halde attende ein avgrensa del av skulen sin kapasitet til søkjarar frå skulen si hovudmålgruppe som melder seg etter den ordinære søknadsfristen. Ei saklegheitsnorm må liggje til grunn og elevar som allereie er tekne inn har rett til å fullføre opplæringa. Framlegget inneber også ein forskriftsheimel i lova som gir høve til å regulere inntaket nærmare.

Utdanningsforbundet ser ikkje noko stort behov for ei lovendring som skal opne for å halde attende eit avgrensa tal elevplassar for skulen si hovudmålgruppe for opptak etter ordinær søknadsfrist. Vi vil tru denne ordninga vert vanskeleg å praktisere – og kontrollere – og at kravet om at skulen skal vere «open for alle» vert vanskeleg å oppfylle.

Utdanningsforbundet syner til formuleringa «begrensa antall» i lovteksten. Dette er ikkje nynorsk. Det er vår vurdering at lovframlegget treng ein språkvask. Her er døme på inkonsekvent ordval som også står i motsetnad til formuleringar i eksisterande lovtekst.

✓ *Utdanningsforbundet ser ikkje behov for å endre § 3-1 første ledd*

### **Minste elevtal**

For private skular gjeld eit minste elevtal på 15 elevar. For norske skular i utlandet er tilsvarande grense 10 elevar. Gjeldande rett er at godkjenninga fell bort dersom ein skule i tre samanhengande år har færre enn 15 elevar. Det er unntak for vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag.

Framlegget inneber å auke minste elevtal frå 15 til 30 elevar, med unntak også for skular som gir særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma. Det vert lagt til grunn overgangsordningar. Per dato kjem 34 skular inn under denne kategorien.

Utdanningsforbundet meiner et visst elevtal er nødvendig for å skape eit godt læringsfellesskap både for elevar og lærarar. Eit visst elevtal er også nødvendig for å utvikle inkluderande fellesskap, sikre sosialt tilhøyr og styrke den sosiale kompetansen.

✓ *Utdanningsforbundet legg til grunn at det vert opna for unntak og overgangsordningar.*

*Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring*

### **Særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett**

Departementet syner til at det har vore praktisert ulike krav til årstimetal for private skular med tilbod om vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, toppidrettsgymnas. Dette har i følgje departementet medført ulik handsaming av skulane fordi årstimetalet har konsekvensar for elevtalet ein får tilskot etter ved omrekning av deltidselevar. Departementet meiner difor at det er behov for ei klargjering slik at skulane vert handsama likt.

Framlegget inneber at toppidrettsgymnasa kan godkjennast etter ein av to ulike modellar: årstimetalet for utdanningsprogram for idrettsfag og utdanningsprogram for

studiespesialisering med tillegg av 140 timar toppidrett på Vg1. Toppidrett kan vere programfag toppidrett eller toppidrett etter eigen plan. Det vert stilt som vilkår at faget toppidrett må vere eitt av programfaga på Vg2 og Vg3. Skulane må dokumentere at det vert lagt særskilt til rette for toppidrettssatsing, med omsyn til organisering av skuledagen, skule- og treningsanlegg og spiskompetanse innanfor dei idrettane skulen har tilbod om. På søknadstidspunktet må søkjar dokumentere etablert nødvendig kontakt med lokale idrettslag.

✓ *Utdanningsforbundet støttar framlegget til lovendring*

### **Godkjenning og tilskot til IB-skular (International Baccalaureate)**

Internasjonale skular i Noreg skal etter dagens regelverk gje opplæring i samsvar med relevant internasjonal læreplan utarbeidd av til dømes International Baccalaureate Organization (IBO). Internasjonale skular kan berre få godkjenning med rett til statstilskot for tiårig grunnskule. Framlegget inneber at IB-skular i Noreg kan godkjennast og få tilskot til å gje opplæring i samsvar med IBO sin føretrekte modell, inklusive godkjenning for eit ellefte år på grunnskulenivå. Det vert presisert at tilskot ikkje vil medføre trekk i overføringa til kommunen.

Utdanningsforbundet er kritisk til framlegget. Dersom vi ønskjer at alle elevar skal ha lik rett til å søkje IB-tilbod, bør det førebuande året vere eit tilbod på Vg1 i vidaregåande opplæring. Det er berre eit fåtal kommunar som vil ha høve til å tilby eit ellefte år etter IBO sin modell. Dersom privatskular på grunnskulenivå får godkjenning for eit ellefte år, vil dette svekke mulegheita for tilsvarande tilbod på Vg1. Det inneber i så fall at søkjarar frå dei fleste kommunane i eit fylke ikkje vil kunne søkje IB-linje fordi dei ikkje har tilbod om det ellefte året.

✓ *Utdanningsforbundet støttar ikkje framlegget til lovendring*

### **Statstilskot til kompletterande undervisning**

Gjeldande rett inneber at elvar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i Noreg eller elevar ved ordinære grunnskular i utlandet som ikkje er godkjent etter privatskulelova, kan få tilskot til kompletterande undervisning. Formålet med ordninga er at elevar kan få opplæring i norsk, samfunnsfag og RLE når dei går på skular utan tilbod i desse faga. Våren 2014 får 13 skular tilskot til kompletterande opplæring.

Departementet meiner at det er viktig at norske elvar som går på ordinære grunnskular i utlandet kan få opplæring i norsk, samfunnsfag og RLE i samsvar med norske læreplanar. Framlegget inneber at det ikkje lenger vert høve til å gje tilskot til kompletterande undervisning for elevar som går på internasjonale eller utanlandske grunnskular i Noreg godkjent etter § 2-12 i opplæringslova.

Utdanningsforbundet er kritisk til at det ikkje lenger er høve til å gje tilskot til kompletterande undervisning for elevar som går på utanlandske eller internasjonale grunnskular i Noreg. Frå eit integrerings- og likeverdsperspektiv meiner vi dette er viktig opplæring å ivareta for alle som er elevar i Noreg, og bortfall av støtte knytt til slik kompletterande undervisning kan medverke til å svekkje arbeidet med integrering.

✓ *Utdanningsforbundet støttar ikkje framlegget til lovendring*



### **Timar til valfag på ungdomssteget**

Det er etter gjeldande rett krav om at opplæringa i private skular godkjent etter privatskulelova skal vere «jamgod» med opplæringa i den offentlege skulen. Dette inneber at innhald og nivå skal gje den same kunnskapen og dugleiken som den offentlege skulen formidlar. Skulane kan også utforme eigne læreplanar for fag eller omdisponere inntil fem prosent av timane som er avsett i det einskilde faget. Skulane kan også utvide timetalet.

Departementet meiner det er «hensiktsmessig» å opne for at timane til valfag på ungdomssteget kan nyttast til eigne fag, men ikkje andre aktivitetar slik at skulen sitt grunnlag vert styrka.

Utdanningsforbundet meiner at det er tilstrekkeleg fleksibilitet og handlingsrom i dagens lov til at skulane kan utvikle sin faglege profil. Vi meiner at kravet til kvalitativ jamgod opplæring vanskeleg kan oppfyllest dersom timane i valfag vert nytta til andre fag. Vi meiner elles at framlegget vil vere eit sterkt signal om at valfaga er uviktige fag som kan nyttast som saldering for andre omsyn.

✓ *Utdanningsforbundet støttar ikkje framlegget til lovendring*

### Problemstillingar som departementet bed om høyringsinstanse sine synspunkt på *Bør private vidaregåande skular kunne tilby yrkesfagleg opplæring etter alternative gjennomføringsmodellar (vekslingsmodellar)*

Fylkeskommunen kan med heimel i opplæringslova godkjenne lære- og opplæringskontraktar som inneheld ei anna organisering enn den opplæringsordninga som er fastsett for faget i læreplanverket. Departementet meiner at private skular skal kunne tilby opplæring som er basert på at opplæringa skjer i ei anna rekkjefølgje enn det som går fram av læreplanverket. Ein slik fleksibilitet vil kunne gje meir tilpassa tilbod i bedrift og skule for ymse elevgrupper, i følgje departementet.

Utdanningsforbundet meiner at dersom ein private skule skal kunne tilby yrkesfagleg opplæring etter alternative gjennomføringsmodellar, er det fleire føresetnader som må vere på plass. Skulane må ha kvalitetssystem og avtalar med arbeidslivet som sikrar at elevane faktisk får gjennomført alle dei fire åra. Det måleggjast til rette for at elevane både kan gjennomføre heile skulegangen og ha høve til å endre kurs eller skule under vegs.

### *Skal private skular som har tilbod om vidaregåande opplæring få gje tilbod om Vg3 i skule for elevar som ikkje får tilbod om læreplass, eventuelt om dette berre bør gjelde vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag?*

Utdanningsforbundet ser det ikkje som tenleg at private skular skal få høve til å tilby Vg3 i skule. Dette er tilbod som fylkeskommunane i si organisering prøver å unngå, fordi det er lite tilfredsstillande å tilby Vg3 i skule for elevar som i utgangspunktet ønskjer læreplass. Vi meiner at dersom private vidaregåande skular med yrkesfaglege tilbod ikkje er i stand til å skaffe læreplassar, fell grunngevinga for å etablere slike tilbod bort.

Når det gjeld små og verneverdige handverksfag, meiner Utdanningsforbundet at fylkeskommunen må ha ansvaret for tilbod om slik opplæring, gjerne i samarbeid med fagmiljø, kunstnarar m.fl.

*Bør det opnast for at det kan godkjennast private vidaregåande skular særleg organisert for vaksne med rett til utdanning*

Departementet legg til grunn at det fell utanfor ramma av føremålet til privatskulelova å godkjenne tilbod spesielt organisert for vaksne. Dette er basert på at opplæringa skal vere open for alle og at lova ikkje opnar for å tilby delar av fag i motsetnad til kva ein kan tilby etter kapittel 4A i opplæringslova.

Utdanningsforbundet er ikkje nøgd med korleis vaksne sin rett til vidaregåande opplæring vert varetatt i dag. Dei økonomiske rammene som fylkeskommunane rår over styrer innhaldet i denne opplæringa, og elevane og samfunnet får berre i avgrensa grad oppfylt behova sine for vidaregåande opplæring. Organisering og gjennomføring av vidaregåande opplæring spesielt innretta mot vaksne er dei offentlege vidaregåande skulane fullt ut i stand til å vareta dersom det vert avsett midlar til dette. Vi ser difor ikkje noko behov for at private vidaregåande skular skal kunne få godkjenning for å drive opplæring spesielt organisert for vaksne. Utdanningsforbundet meiner vidaregåande opplæring er eit offentleg ansvar og at vi ikkje er tent med private tilbod frå aktørar med som kan skape ei dimensjonering som ikkje er berekraftig.

*Bør det opnast for ei utviding av høvet til å drive anna verksemd på vilkår av at utbytteforbodet også skal gjelde slik verksemd slik at inntektene også frå denne verksemda kjem elevane til gode.*

Det følgjer av privatskulelova § 2-2 at skulen ikkje kan drive anna verksemd enn skule. Lova opnar likevel for anna verksemd som internat, skulefritidsordning m.m. Det kan også gjerast unntak for verksemd som utgjer ein liten del av den samla verksemda og er nært knytt til skuleverksemda. Forvaltningspraksis har lagt til grunn også andre typar verksemder som kantine, gartneri, sagbruk, husdyrbruk m.m.

Utdanningsforbundet meiner noverande rammer for andre verksemder er tilstrekkelege. Vi ser difor ingen grunn til å utvide desse rammene. Vi trur ikkje ei vidare opning for slik tilleggsverksemd vil innebere ei presisering og innskjerping av praksis. Vi er redde for at framlegga lett kan bli ei liberalisering der kreative, kommersielle eigarar finn smutthol i lovverket. Erfaringar syner at organiseringa og eigarforma er eit stort problem

*Bør karantene avgrensast til å gjelde framtidig verksemd eller bør den også omfatte eksisterande stillingar som personen som får karantenen innehar?*

Utdanningsforbundet finn det innlysande at dersom tilsynsmynden meiner personar/og eller skular kvalifiserer til karantene, må ein karantene også gjelde eksisterande stillingar og funksjonar og ikkje berre framtidige stillingar og funksjonar.

Med vennleg helsing

Torbjørn Ryssevik  
Seksjonsleiar

Einar O. Standal  
Seniorrådgjevar

